

Til ungdomsskulane i Hordaland  
Til dei vidaregåande skulane i Hordaland

Dato: 05.10.2018  
Vår ref.: 2018/14541-4  
Saksbehandlar: eliwik  
Dykkar ref.:

## Informasjonsmøte for nye rådgjevarar

Inntakskontoret innbyr med dette nye rådgjevarar og/eller rådgjevarar som ynskjer litt påfyll av generell informasjon, til eit informasjonsmøte som er særleg retta mot inntaket til vidaregåande opplæring neste skuleår.

Møtet er ope både for rådgjevarar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Interesserte elevinspektørar i den vidaregåande skulen kan også melde seg på.

Dato: 1. november 2018  
Tid: 12.30 til ca. kl. 15.00  
Stad: Fylkeshuset. Møterom Vestlandet, 1.etg.

**Påmeldingsfrist: 26.oktober 2018**

Påmeldinga skal gjerast elektronisk på internettsida til Hordaland fylkeskommune.  
(<https://www.hordaland.no/nn-NO/kalender/>)

Kontaktperson: Elin Wikan, tlf 489 97 384, e-post: [elin.wikan@hfk.no](mailto:elin.wikan@hfk.no)

Det blir tatt atterhald om at det melder seg nok deltakarar til at vi finn det tenleg å halde møtet. Reiseutgifter må dekkjast av den einkilde skule.

**Inntakskontoret har ikkje oversyn over kven som er nye i rådgjevarstillingane i inneverande skuleår. Det vil difor ikkje bli sendt ut påminning dersom vi ikkje har fått påmelding frå den einkilde skule når fristen er ute den 26.oktober.**

### Hovudtema for møtet:

- Grunnleggjande informasjon om rettane til vidaregåande opplæring
- Grunnleggjande informasjon om kven som kan søkje utvida opplæringsrett
- Retten til omval av utdanningsprogram/programområde, og korleis dette påverkar opplæringsretten
- Karaktergrunnlag for inntak til Vg2 og Vg3 i høve til kor mange strykkarakterar ein kan ha, og likevel bli tatt inn på høgare kursnivå

- Generell informasjon om Vigo-systemet, både i høve til eleven si søkjar side og skulane si informasjonsside
- Informasjonsmateriell som blir sendt søkjarane før søknadsfristen
- Nyttige nettsider både for elev og skule
- Eventuelle andre aktuelle tema, som gjerne kan meldast inn frå den ein skilde skule

Dette informasjonsmøte er meint som ein «grunnmur» mot dei meir generelle info-møta som blir haldne seinare i haust og tidleg på nyåret. Dette gjeld særleg møta i siste halvdel av november om søkjarar med særskilt tilrettelegging/minoritetsspråklege søkjarar, og dei ordinære informasjonsmøta i første halvdel av januar 2019.

Med helsing

Elin Meyer Wikan  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*